

Oppslagsnr.	Løpe- nr.	Namn i off. bruk / forslag	Vedtak	Namneobjekt	Merknader
832748	1	Sjo	Sjo	Gard 192	<p>Uttale: /sjó:/, jf. bokverket Norske Gaardnavne.</p> <p>Skrifttradisjon: Sjo i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Sjo i Norge 1:50 000 frå 1952, i økonomisk kartverk frå 1967 og i sjøkart frå 1955, 1970, 1981, 1991 og 2000.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Sjo.</p> <p>Vurdering: I Norske Gaardnavne står det at namnet kjem frå gamalnorsk Sjør m. 'sjø', og at namnet her vel gjeld lendingsplassen ved Eid kyrkje. Skrivemåten er uproblematisk, men namnet vart teke med i namnesaka fordi namnet Sjostølen skulle formaliserast for offentleg bruk. § 8 femte ledd i forskrift fastset fylgjande: "I saker der det same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal ein først fastsetje skrivemåten for det objektet namnet opphavleg vart brukt på. Vedtaksorganet må sjå til at alle funksjonane av namnet blir tekne opp i namnesaka."</p> <p>Sjo vert fastsett som skrivemåte i samsvar med nedervd, lokal uttale og ein eintydig skrifttradisjon, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
1079356	2	Søre Sjo	Søre Sjo	Eigedomar, fellesnamn for bruk 192/4, 35 og 36	<p>Jf. løpenr. 1</p> <p>Skrifttradisjon: Søre Sjo i boka Kvinnherad 5 gards- og ættesoga (1992), s. 143.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Søre Sjo.</p> <p>Vurdering: Skrivemåten Søre er i samsvar med lokal normeringspraksis for denne ordlekken. Bruken av Søre og Nordre gjev ein meir differensiert og presis namnebruk for dei eigedomane det er snakk om.</p> <p>Søre Sjo vert fastsett i samsvar med bruken i bygdeboka, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>

1079355	3	Nordre Sjo	Nordre Sjo	Eigedomar, fellesnamn for bruk 192/6, 7, 9 og 10	Jf. løpenr. 1 <u>Skrifttradisjon:</u> Nordre Sjo i boka Kvinnherad 5 gards- og ættesoga (1992), s. 151. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nordre Sjo. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten Nordre er i samsvar med lokal normeringspraksis for denne ordlekken. Bruken av Søre og Nordre gjev ein meir differensiert og presis namnebruk for dei eigedomane det er snakk om. Nordre Sjo vert fastsett i samsvar med bruken i bygdeboka, jf. § 4 i lov om stadnamn.
	4	Sjo / Sjøhaugen	Sjøhaugen	Bruk 192/4	Jf. løpenr. 1 <u>Uttale:</u> Språkrådet opplyser at namnet er ført opp med namneforma Sjøhaugen /-hauen/ i ei namnesamling frå Kvinnherad som er arkivert ved Universitetet i Bergen. <u>Skrifttradisjon:</u> Sjøhaugen i boka Kvinnherad 5 gards- og ættesoga (1992), s. 150. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sjøhaugen. <u>Vurdering:</u> Sjøhaugen vert fastsett som skrivemåte med utgangspunkt i nedervd, lokal uttale, og i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.
	5	Sjo / Nordre Sjo	Nordre Sjo	Bruk 192/6	Jf. løpenr. 1 og 3
	6	Sjo / Nordre Sjo	Nordre Sjo	Bruk 192/7	Jf. løpenr. 1 og 3

429383	7	Nygard / Nygård / Sjo	Nygård (hovudnamn) / Sjo (undernamn)	Bruk 192/8	<p><u>Uttale:</u> Språkrådet opplyser at namnet er ført opp med namneforma Nygard /nygår/ i ei namnesamling frå Kvinnherad som er arkivert ved Universitetet i Bergen. I ei namnesamling på Lokalnamn.no er namnet tilsvarande ført opp med oppslagsforma Nygard og med Nygård som uttaleform.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Sjo i matriklane frå 1886, 1906, 1950 og i gjeldande matrikkel, Nygard i Norge 1:50 000 frå 1952, 1980, 1995, 2001 og 2011, Nygård i boka Kvinnherad 5 gards- og ættesoga (1992), s. 155.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> I samband med adressering på staden, der kommunen kom med framlegg om Nygard, Nygardsvegen, Sjøstølen eller Sjøstølsvegen som nytt adressenamn, kom Karin-Gram-Nygaard, som bur i nærleiken, med innspel om Nygaardsvegen. Ho skriv at navnet i alle år har hatt skrivemåten Nygaard med dobbelt-a, og at garden heitte Nygaard lenge før oldefar Johne kjøpte han. Ho meiner at Kartverket i alle år har skrive navnet feil som Nygard, og like eins kommunen. Ho og familien hennar har skrive etternamnet sitt som Nygaard med dobbelt-a, og ho meiner gardsnamnet må skrivast på same måten.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nygård.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>
--------	---	-----------------------	-----------------------------------------------------	------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

429383	7	Nygaard / Nygård / Sjo		Bruk 192/8	<p><u>Vurdering:</u> Skriftradisjonen for dette namnet er i all hovudsak Nygard med a, men det går tydeleg fram av kjeldene og av høyringssvaret at uttalen er Nygår(d) med /å:/. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn fastset at "det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn [skal] takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk". I § 3 fyrste ledd i forskrift om stadnamn står det fylgjande: "Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen." Her er det namneforma Nygård med å som høver best med den lokale uttalen. Skrivemåten Nygaard med dobbelt-a, som Karin-Gram-Nygaard tek til orde for, er ikkje i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp. Som ho peikar på, har heller ikkje den skrivemåten nokon serleg skriftradisjon i offentleg bruk, der Nygard for det meste er brukt.</p> <p>Sjo har vore brukt gjennomført i matriklane frå 1886 og fram til i dag, og det er difor grunnlag for å vidareføra det namnet som undernamn.</p> <p>Nygård vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 3 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Sjo vert fastsett som undernamn i samsvar med skriftradisjonen i matriklane.</p>
	8	Sjo / Nordre Sjo	Nordre Sjo	Bruk 192/9	Jf. løpenr. 1 og 3
	9	Sjo	Nordre Sjo	Bruk 192/10	Jf. løpenr. 1 og 3
	10	Sjo / Søre Sjo	Søre Sjo	Bruk 192/35	Jf. løpenr. 1 og 2
	11	Sjo / Søre Sjo	Søre Sjo	Bruk 192/36	Jf. løpenr. 1 og 2

1079351	12	Sjostølen	Sjostølen	Mjølkeklass	<p>Jf. løpenr. 1</p> <p><u>Uttale:</u> Språkrådet opplyser at namnet er ført opp med namneforma Sjostølen i ei namnesamling frå Kvinnherad som er arkivert ved Universitetet i Bergen. I ei namnesamling på Lokalnamn.no står òg Sjostølen usamansett som uttaleform.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> I samband med adressering på staden, der kommunen kom med framlegg om Nygard, Nygardsvegen, Sjostølen eller Sjostølsvegen som nytt adressenamn, kom Karin-Gram-Nygaard, som bur i nærleiken, med innspel om å bruka Nygaardsvegen og ikkje Sjostølen. Ho skriv at Sjostølen av kommunen vert nemnt som kringliggjande namn her, men at det ikkje har noko med garden Nygaard å gjera. Navnet Sjostølen kjem av at den delen av utmarka som vart bygd ut til bustadfelt på 70-talet, tilhøyrer gardane ute på Sjo.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sjostølen. Familien hennar kallar det berre Stølen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kortforma Stølen er naturleg å bruka for dei som bur på garden Sjo, og må her vera å rekna som "gårdens navn" i motsetnad til Sjostølen, som er "bygdens navn", dvs. det folk i resten av bygda nyttar for å presisera kva "støl" det er snakk om. Bruken i dei to namnesamlingane syner òg at det finst ein tradisjon for Sjostølen med Sjo- som namneform. Kartverket føretrekkjer å nytta "bygdens namn" i slike tilfelle, sidan det gjev ein meir differensiert og eintydig namnebruk.</p> <p>Sjostølen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
---------	----	-----------	------------------	-------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

468757	13	Sjoholmane	Sjøøyane (Sjoholmane vert sett som historisk namneval)	Holmegruppe i sjø	<p><u>Uttale:</u> Språkrådet skriv at dei har vore i kontakt med to personar som er fødde og oppvaksne i området, og dei opplyser namneforma Sjøøyane.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> SjoIn i Norge 1:50 000 frå 1952, SjoIne i sjøkart frå 1955, 1970, 1981, 1991 og 2000, Sjoholmane i boka Kvinnherad 5 gards- og ættesoga frå 1992, Sjøøyane i boka Halsnøy 2013 - Glimt frå Halsnøy og Fjelbergøyane frå 2013. I avisa Grenda frå 10.06.2010 er Sjøøyane brukt som namn, medan kvar av desse øyane er kalla Sjøøya / Stora Sjøøyo, vetla Sjøøy og Gjetmundsholmen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sjøøyane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Trass i lang tids bruk av Sjoholmane i kart, ser det ut til at det helst er Sjøøyane som er brukt som namneform lokalt.</p>
--------	----	------------	-------------------------------------------------------------------	-------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

549380	14	Store Sjøholmen / Sjøøya	Stora Sjøøya (hovudnamn) / Sjøøya (undernamn)	Holme i sjø	<p><u>Uttale:</u> Språkrådet skriv at dei har vore i kontakt med to personar som er fødde og oppvaksne i området, og dei opplyser namneforma Stora Sjøøyo. I ei namnesamling på Lokalnamn.no står Sjøøyo usamansett som uttaleform.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Sjøøya i økonomisk kartverk frå 1967, st Sjøln i Norge 1:50 000 frå 1980 og 1995, store Sjøholmen i utgåva frå 2001 og Store Sjøholmen i utgåva frå 2011, Sjøøya og Stora Sjøøyo i avisa Grenda frå 10.06.2010.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Stora Sjøøya.</p> <p><u>Vurdering:</u> Den samansette namneforma med "Stora" er nok helst brukt der ein vil skilja klart mellom Stora Sjøøya og Vetla Sjøøya, slik at ein kan rekna med at det er avhengig av situasjonen om ein nyttar Stora som del av namnet eller ikkje. Den usamansette forma Sjøøya er venteleg den eldste, sidan den mindre holmen nordom tidlegare helst har vore kalla Kvitavollsholmen. Sjøøya er brukt usamansett i økonomisk kartverk, og Sjøøyo er òg opplyst som namneform i den nemnde namnesamlinga frå staden, so den usamansette forma har både skrift- og talemålstradisjon. Det er difor grunnlag for at den namneforma kan vidareførast som undernamn. Kartverket deler Språkrådet si vurdering av at Stora Sjøøya likevel bør stå som hovudnamn i samsvar med skrifttradisjonen i kart. Stora Sjøøya har òg lokal talemålstradisjon, og den namneforma er venteleg den vanlegaste lokalt i dag, jf. dei munnlege opplysningane Språkrådet har fått frå folk lokalt.</p> <p>Stora Sjøøya vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, medan Sjøøya vert fastsett som undernamn, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
--------	----	--------------------------	------------------------------------------------------	-------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

428344	15	Litle Sjøholmen / Hvidevollsholmen	Vetla Sjøøya (hovudnamn)	Holme i sjø	<p><u>Uttale:</u> Språkrådet skriv at dei har vore i kontakt med to personar som er fødde og oppvaksne i området, og dei opplyser namneforma Vetla Sjøøyo eller tidlegare helst Kvitavollsholmen. I ei namnesamling frå ca. 1990 på Lokalnamn.no står berre Holmen som namneform.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Hvidevollsholmen i økonomisk kartverk frå 1967, I Sjøln i Norge 1:50 000 frå 1980 og 1995, I Sjøholmen i utgåva frå 2001 og Litle Sjøholmen i utgåva frå 2011, vetla Sjøøy i avisa Grenda frå 10.06.2010.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vetla Sjøøya som hovudnamn, og Kvitavollsholmen som undernamn.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det verkar rimeleg å fastsetja Vetla Sjøøya som hovudnamn på denne holmen med utgangspunkt i den lokale uttalen Vetla Sjøøyo, slik Språkrådet tilrår. Det andre namnet på holmen, Hvidevollsholmen eller Kvitavollsholmen er ei avleiing av gardsnamnet Hvidevoll/Kvitavoll (gnr. 198). Der er Hvidevoll registrert som skrivemåte for offentleg bruk i dag, medan uttalen er /kvi:ˈtavådʎ/, jf. adressenamnet Kvitavollsvegen. Der må skrivemåten av gardsnamnet handsamast i ei eiga namnesak før Kartverket ev. kan endra undernamnet på holmen, jf. § 8 femte ledd i forskrift om stadnamn.</p> <p>Undernamnet Hvidevollsholmen vert difor teke ut av denne saka og vidareført uhandsama i denne omgang, slik at skrivemåten i staden kan vurderast i ei framtidig namnesak der me vurderer skrivemåten av namnet i alle funksjonar. Vetla Sjøøya vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Undernamnet Hvidevollsholmen vert teke ut av denne saka sidan primærnamnet (namnet på gard 198) ikkje er handsama, jf. § 8 femte ledd i forskrift om stadnamn.</p>
--------	----	---------------------------------------	-------------------------------------------	-------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------